




RAPPORT

Barnetråkk i Bø

2015



Forstudie


Bygdepakke Bø



BØ KOMMUNE

KULTUR OG FRITID

1. Innleiing	3
2. Leik og opphaldsområder	6
3. Skule og fritidsveg	13
4. Trafikkutfordringar	17
5. Elevane sine kommentarar.....	20



1. Innleiing

I perioden 26 oktober til 3 november 2015 blei det gjennomført Barnetråkk ved skulane i Bø. [Barnetråkk](#) er eit digitalt verkty og undervisningsopplegg som lar barn fortelje planleggjare, kommunen og lokalpolitikarar korleis dei bruker staden der dei bur og kva dei vil ha anna-leis. Tenesta ligg open på barnetråkk.no, og er utarbeida av Norsk Design- og Arkitektursenter for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

1.1. Involverte

Dei som har vore ansvarlege og involverte i prosjektet, har vore: Sindre Flø (Prosjektleiar), Kristin Karlbom Dahle (Arealplanleggjar Bø kommune), Hilde Pedersen (Kultursjef Bø kommune) og Bjørn Tveiten.

1.2. Barnetråkk

Barnetråkket gjekk føre seg ved at dei fire involverte i prosjektet besøkte skuleklassar, ved dei forskjellige skulane i Bø. Registreringa blei gjennomført i ein klasse ved Bø skule, ein ved Folkestad skule og to klassar ved Bø ungdomsskule.

Skuleklassane blei delt inn i grupper etter kor dei forskjellige bur. Dei fekk først utdelt kart og tusjar slik at dei kunne bli kjent med kartet, finne heimen sin og teikne inn skulevegen sin og andre vegar dei brukar mykje, i nærområdet sitt.

Deretter gjekk elevane over til bruk av PC`ar og gjorde den same oppgåva på digitale kart. Her var det mogleg for elevane å utdype synspunkta sine i mykje større grad.

I tillegg til å teikne opp dei ulike vegane dei gjer bruk av, kunne dei også legge til forskjellige symbol og skrive kommentarar i det digital kartet. Dei fortalte om ting dei likar ved bygda og nærområdet sitt, samt ting dei ikkje likar, ting dei tykkjer er skumle eller som kan bli utbedra.

Dei fire involverte, samt lærarane gjekk rundt å hjalp elevane.

1.3. Interesse

Elevane i alle skuleklassene viste stor interesse og engasjement, noko alt arbeide og kommentarane dei har kome med på eige hand i ettertid også vitnar om. Dei fortalte villig om stader med farleg traffikk, kva som møter dei på skulevegen, kor dei likar å oppholde seg på fritida, kva dei likar og om kva dei tykkjer kan bli betre.



1.4. Hensikt og mål med prosjektet

Målet med Bygdepakke Bø er å redusere interntrafikk i Bø sentrum. Del av dette arbeidet vil bestå i å auke talet på syklande og gåande til og frå skule og til fritidsaktivitetar ved å legge til rette for mjuke trafikkantar. For å nå dette målet er det også viktig at gåande og syklande opplever sin reise veg som trygg.

Med Barnetråkkregistrering får kommunen eit overblikk over:

- snarvegar som i dag ikkje er del av kommunale gang-/sykkelnettet
- strekningar på gang-/sykkelnette som treng oppgradering/vedlikehald
- områder barn og unge ferdes, for utarbeiding av eit hovudnett for gang og sykkel.
- områder som opplevast som trygge eller utsikte.


Datamaterialet fra Barnetråkk er del av forstudiet til Bygdepakke Bø, og vil også vere viktig for utarbeiding av ny sentrumsplan.

Gjennom Barnetråkk får barn og unge ei aktiv medverknad og ei direkte stemme inn i planarbeidet. Bø kommune har opplevd barnetråkkregistreringa som vellykka og eit nyttig reiskap som kan nyttast meir i framtida.




1.5. Teiknforklaring til rapporten

Elevane har merka skulevegen sin, og vegane dei brukar til og frå vene og fritidsaktivitetar. Desse vegane er vist i kartutsnitta i kap 3 som svarte strekar. Elevane har merka plassane dei tilbringer tid på i kvardagen, som vi presenterer i kap 2. Desse registreringane er gjort innan 3 kategoriar: Positiv, negativ og aktivitet. Kvar kategori har sin eigen fargekode:



Figur 1 - Ikonar for punktmarkering i digitalt kart

Til kvar punktmarkering har elevane hatt moglegheit til å legge til ein forklarande kommentar. Kartblada i rapporten skil kunn mellom hovudgruppene positive, negative og aktivitet.




Figur 2 - samla resultat med punktmarkeringer og registrerte reisevegar



2. Leik og opphaldsområder

2.2. Bø sentrum



I Bø sentrum er det nokre samlingspunkt som skil seg ut med mange registreringar.

Bø stasjon er ein av dei stadene med flest markeringar. Her er det ein del negative meldingar knytta til råning. Ungane opplever at det her kan vere mykje fyll, og fulle folk som ropar etter dei. Det er mange som må forbi stasjonen på veg til skulen eller til og frå aktivitetar. Dette er eit område elevane opplever som skummelt.

Bøsenteret er og ein stad som har fått ein del markeringar, men det er stort sett meldingar av positiv art. Det er tydeleg at mange likar å handle og opphalde seg her. Det einaste som er gitt av negative meldingar er at det kan vere for mørkt på parkeringsplassen.

Når det gjelder Bøgata, så er det både positive og negative tilbakemeldinger. Det negative går på at det er mykje trafikk, kanskje spesielt i området rundt rundkjøringa. Nokre har kommentert at enkelte kryss er uoversiktlege og skumle å krysse, til dømes kryssa ved Statoil og ved Spar. Gangfelt er ønska enkelte stader.

Ellers ser det ut til at mange trivast i mange av butikkane og spisestadene langs gata. Biblioteket er og nemnd som ein positiv ting. Torget er heilt tydeleg ein stad der mange likar å møtast.

Gullbring er ein av stadene med flest markeringar. Hit kjem mange elevar etter skulen i samband med ulike aktivitetar. Så godt som alle ser ut til å trivast her. Det same gjeld Evjudalen, like ved. Registrering av skulevegar syner at dette er ei gjennomfartsåre for mange både til skule og fritidsaktivitet.



BØ KOMMUNE

KULTUR OG FRITID

Ein annan ting mange opplyser at dei brukar mykje, er idrettsanlegga ved Sandvoll og ved høgskulen. Desse områda ber og preg av mykje positivitet. Her er det ingen negative meldingar å spore.

På Sandvin, like ved, har nokon kommentert at dei er ukomfortable med at det kan vere festar og bråk om kveldane, særleg hvis det foregår mens dei (ungane) er på Sandvoll.


Når det gjeld skulane våre, så har barneskulen fått flest positive markeringar. Ein del opplyser at dei brukar skulen som leikeplass. Skulen har også fått nokre negative markeringar, men det er uklart kva dette gjeld.

Ungdomskulen har fått veldig mange markeringar. Nokre av dei er positive, men mange er negative. Nokre meiner det er for mykje trafikk ved skulen, mens andre synast det er ein del søppel på området.

Eit anna område som utmerkar seg litt i negativ retning, er Gamleveg og ved sjukeheimen. Dette skyldast nok mykje rivinsprosessen som har pågått her i seinare tid. Dei fleste tilbakemeldingane gjeld därlege vegar og at det kan vere vanskeleg å passere lastebilane.



2.3. Breisås



Breisås er eitt av områda der det bur og ferdast flest skuleelevar. Her ser det ut til at det er omrent likt fordelt mellom positive og negative markeringar.


Mange elevar opplyser at her er det fint å leike og vere saman med vener. Andre positive ting som er nemnt, er til dømes, bålpass, fin skog osv. Det ser ut til at mange samlast ved Kåsinjordet til aktivitetar.

Det som nemnast av negativ art gjeld stort sett trafikale spørsmål. Men det blir og peika på eit par stader der det er lause hundar og mykje bjeffing, ein stad der nokon ofte kler seg ut og skremmer folk som går forbi. Nokre stader er det ytra ønske om meir lys i gatene og gangfelt.

Det er fleire kryss der elevane meiner det er därleg sikt og vanskeleg å sjå møtande bilar og syklistar. Dette gjeld til dømes krysset ved Flitavegen, eit kryss i Venåsvegen og eit oppe i Stabburåsen. Det er og fleire negative markeringar langs Borgjavegen.



2.4. Folkestad



I Folkestad ser det ut til å vere overtal av positive markeringar, men det er og nokon negative. Mange ser ut til å trivast med å bu og leike i og rundt bustadfeltet. Skogen er nemnt som ein fin ting, og ein ser at ein del brukar turområdet rundt Trytetjønn.

Sommarland har fått mange markeringar. Det er tydeleg at mange likar seg her. Det same gjeld campingplassen. Klatreparken er og nemnt. Ein ser og at ein del brukar Telemarkshallen til aktivitetar.


Når det gjeld det som er registrert som negative ting, så kan ein begynne med vegen til Telemarkshallen. Her har fleire peika på at bilar kjører fort og at det er ein farefull veg. Nokre opplyser at dei nesten har blitt påkjøyd når dei syklar til hallen, og dei saknar gangfelt/fortau.

Noko av det same finn ein i krysset ved Steintjønnvegen (vegen til Sommarland). Her har fleire markert at vegen følast skummel å krysse, at mange bilar kjører fort når ein skal over gangfeltet. I sjølve Folkestad feltet er det peika på at det kan vere lite lys nokre stader.

Folkestad skule har fått mange markeringar. Stort sett alle er positive. Det nokon riktignok saknar er lys langs gangvegen over elva. Det er og nemnt at det kan vere stor trafikk forbi skulen.



2.5. Oterholt – Liheia - Vreimsida



Ved Oterholt er det ikkje så veldig mange markeringar, men dei som er, er stort sett positive. Fleire opplyser at dei synast speidarhuset er ein fin ting, samt skogen i nærleiken. Positive markeringar er og registrert rundt Bø museum og Kvennøya. Mange trivast ved elva.

Det einaste negative som er nemnt her, er at det kan vere mykje trafikk ved bruhaugen og at enkelte personar samlar på ein del skrot.


I Liheia opplyser fleire at dei brukar fotballbanen, samt skiløypa om vinteren. Ein del nemner den gode utsikten her oppe som eit stort pluss. Mange sett pris på naturen i dette området, skogen og ikkje minst Bryggefjell-området. Dei fleste negative markeringane her er gjort langs vegen. Fleire har nemnt at bilar kjører med høg fart her.

Nokre negative registreringar er det og gjort i Breskelia. Det er ikkje alle markeringane her som har ei konkret forklaring, men nokre går på at det kan vere lite lys her om kveldane.

Langs vegen på Vreimsida er det gjort mange negative markeringar. Det kjem fram at det er mange skuleungar som går og sykler langs denne vegen. Det dei fleste er skremde av, er den høge farten mange bilar har over denne strekninga. Det er tydeleg at mange saknar fortau her, i tillegg til nedsatt fartsgrense.



2.6. Grivimoen-Valen-Ralle



I dette området er markeringane relativt spredt og dei kan stort sett delast i to kategoriar:
Positive opplevingar på fritida og ein del negative merknader langs vegane.

Dei positive makeringane knytter seg til naturopplevingar i skog og ved kulturminner, som til dømes Gårakyrkja og bygdeborga på Åskollen. Fleire opplyser og at dei har stor glede av badeplassen ved Bergingsbru.

Langs Valenvegen er det ein del negative markeringar. Det knyttar seg mykje til at det ikkje finnast gang/sykkelsti her. Det er og merka fleire kryss som ungane synast er skumle, blant anna ved innkjøringa til Valen vege og ved Grivimoen. I tillegg er høg fart nemnt fleire gonger, samt mykje lastebiltrafikk.

Ute ved Ralle peikar elevane på det same, fine turområder som gir moglegheit for aktivitetar. Rallycrossbanen ser ut til å bli oppfatta positivt, mens fleire meiner at det er for mykje lastebilar på vegen her.



2.7. Øvrebø-Nordbøåsen-Eikjabygda



I Nordbøåsen er det bare positive markeringar. Mange av markeringane manglar riktignok notat, men markeringane i seg sjølv vitnar om trivsel. Når det gjeld fritidsaktivitetar så opplyser elevane at dei samlar seg ved fotballbanen og ved leikeplassen. Skiskyttarbanen får veldig positiv omtale.

Øvrebø har ikkje så mange markeringar, men ved hengebrua er det noko både positivt og negativt. Fleire likar å bade her, men dei opplyser at det er ein del forsøpling her om somrane. Ved utleigebrakkene på Glenna har nokon elevar notert at det bur narkomane.

I Eikjabygda er det og få markeringar, men dei som finst, vitnar om trivsel. Dei fleste markeringane er gjort ved Uvdalstjønna. Det gjeld bading og andre fritidsaktivitetar.

Ved Veirudkrysset, langs Lundevegen er det fleire negative markeringar. Her fortel elevane at folk kjører veldig fort, og at bilar kolliderar. Dei ynskjer å ha ei fartsdump her.



3. Skule- og fritidsvegar

Første del i oppgåva som elevane fekk var å markere sin skuleveg og vegar til fritidsaktivitet. Kartutsnitta viser traseane skuleelevene har registrert (raudt) lagt under vegbasen (kvit). Det vil seie at der dei raudne linene trer fram, nyttar borna snarvegar som ikkje er opparbeidet som vegar eller g/s-vegar. Desse snarvegane er viktig for kommunen å kjenne til, for å sikre at viktige trasséar for barn vert ivaretatt.

3.1. Breisås


Snarvegar som peiker seg ut i Breisås:

- Sti frå Øvre til Nedre Borgvin og vidare frå Borgja terrasse ned til Venåsvegen. Fleire mindre snarvegar internt i området rundt Borgja terrasse
- Sti frå Midtre Borgvin/Svingen gjennom skogen ned til Maurtuva barnehage
- Sti mellom Borgjalia og Breisås syd
- Sti frå Bordvegen til Borgjavegen
- Fleire snarvegar knytt til Åsenjordet
- Sti mellom Flitavegen og Oppheimvegen langs Oppheimjordet





3.2. Sentrum



Snarvegar som peikar seg ut i sentrum:

- Frå Lundevegen over både p-plass til Gullbringvegen og Lundevegen til idrettsanlegget
- Frå Borgjavegen over stasjonsområdet
- Frå Møllevegen på nordsida av Felleskjøpet til Torstveitvegen
- Traktorveg frå Gamleveg til Grivibakken
- Mellom Gullbringvegen og Bøgata over p-plass ved Frøyatun og over p-plass ved Spar
- Mellom Bøgata og Frivollvegen over p-plass framfor Liabygget
- Sti mellom Bø gymnas og Underhaugsvegen



3.3. Langkåshaugen



Snarvegar som peikar seg ut på Langkåshaugen:

- Traktorveg mellom Oterholtvegen og Sisjordvegen
- Sti mellom Prestevegen og ungdomskulen




3.4. Oterholt-Folkestad



Snarvegar som peikar seg ut i området Oterholt-Folkestad:


- Sti/traktorveg mellom Folkestad skule og Livegen gjennom skogen
- Sti mellom traktorveg langs Bøelva og gardsveg til Eikavegen 125
- Sti/veg mellom Folkestadvegen 300 via Heldal til Stugumoen



4. Trafikkutfordringar

Ein god del av registreringane som er gjort i forbindelse med Barnetråkk, er trafikkrelaterte.

Sidan trafikkale situasjonar er ein slik vesentleg del av barn og unges kvardag, har vi valgt å trekke fram dei områda som har fått flest negative markeringar, som ein eigen del av rapporten. Det gjeld ein del kryss og vegstrekningar, både i og utanfor sentrum.



4.1. Bø sentrum

Rundkjøringa er ein av dei stadene i Bøgata, kor elevane føler det er for stor trafikkmengde. Det same gjeld området ved ungdomskulen. Her er det meldt om ein god del trafikk, samt at elevane saknar gangfelt der.

Krysset mellom Spar og Elektropluss har fleire markeringar. Her er det høge busker, som gjer at syklistar og fotgjengarar, ikkje ser bilar som kjem kjørande. Ved Statoilkrysset kjem det kommentarar på at det er generelt mykje trafikk.

Ved Esso er det gangfelt, men problemet her ser ut til å vere, at mange bilar ikkje stoppar for fotgjengarane. I stasjonsvegen er det igjen mengden trafikk det blir reagera på, «Det er mye trafikk ned hele gata».

Gamleveg har fått ein del negative markeringar. Det går på at vegen er därleg og øydelagd, noko som sikkert har mykje samband med byggevirksomheten som har pågått der ei tid. Elevane har også rapportert at det er vanskeleg å koma seg forbi lastebilane der. I tillegg saknar dei meir lys.



4.2. Valenvegen

Om ein bevegar seg noko utanfor sentrum, finn ein nokre lange vegstrekningar, til dømes Valenvegen.

Ein del barn har denne vegen som skuleveg, og det er tydeleg at dei savnar gang/sykkelsti her. Dei nevner at det både er stor trafikk og høg fart blant bilistane. Dette gjer at det er skummelt å krysse vegen mange stader.

4.3. Folkestad

I Folkestadfeltet er det eit par trafikkpunkt som skiljer seg ut. Det gjeld fotgjengerfeltet ved riksvegen, nedafor Sommarland og vegstrekninga mellom Sommarland og Telemarkshallen.

Ved fotgjengerfeltet melder elevane fra om, at mange bilar kjører fort når dei skal gå over vegen. I tillegg er det mange bilar som ikkje stoppar i det heile tatt.

Mange unge går og syklar til Telemarkshallen. Langs vegen dit, kjører mange bilar med høg fart, noko som blir oppfatta som skummelt sidan det ikkje er nokon sykkelsti her. Enkelte rapporterer at dei nesten har blitt påkøyrd. I tillegg saknar dei gatelys langs strekninga.

Ved Folkestad skule opplyste mange elevar at dei trivast, men dei ønsker å få utbedra eit parting ved det trafikkale bildet, kring skulen.

Elevane meiner det er for mykje trafikk ved / forbi skulen, samt at dei saknar lys langs gangvegen over elva.

4.4. Oterholt-Liheia- Vreimsida

Ved Oterholt er det ikkje meldt om så mykje, anna enn at det er litt mykje trafikk ved bruhaugen. I Liheia melder fleire elevar om, at dei syns mange bilistar køyrer fort her. I tillegg nevner nokon at det er mørkt langs vegen.

Vreimsida er eit av områda med flest negative markeringar. Det som gjeld trafikkspørsmål, går på at mange bilistar holder veldig høg fart. Her bur det ein god del barn, og nokon har opplevd at dei nesten har blitt påkøyrd. Dette gjer at savnet etter fortau eller sykkelsti, ser ut til å vere veldig stort.

Fleire stader langs Vreimsida er det og ytra ønske om gangfelt.

4.5. Rallevegen – Gåravegen

Langs Rallevegen har det blitt gjort fleire registreringar, som går på at det blir veldig mykje lastebiltrafikk. Det same gjeld langs Gåravegen. Dette er vel naturleg, i og med at desse vegane fører til Systemblokk, men det kan tyde på at ungane i området saknar ein sykkelsti her.

4.6. Veirudkrysset - Stadskleivvegen

Ved Veirudkrysset og Stadskleivvegen melder fleire elevar om at, mange køyrer fort med bil, og at det har vore kollisjonar her. Dei legg fram eit sterkt ønske om å få ei fartsdump.



4.7. Breisås

Breisås er vel ein av områda med flest barn og unge. Her er det nokre vegkryss elevane opplever som skumle. I krysset mellom Venåsvegen og Eventyrskogen, har fleire opplyst at det er dårleg sikt med hensyn til bilar, og at bilane kan køyre fort. Det same gjeld også kryssa mellom Stabburåsen og Svingen, samt ved innkjøringa til Flitavegen og avkjøringa til Borgja. Særleg virkar det som at syklistane mistrivast ved desse kryssa og ønskar seg gangfelt.

I tillegg er det nokre av gatene i breisås kor elevane saknar meir lys, til dømes i Øvre Borgvin.

Det er og ein parkeringsplass i Nedre Borgvin, som opplevast som ubehageleg av dei ungane som oppholder seg i nærheten.

4.8. Utfordrande områder for gåande og syklande

- Vilkår for gåande og syklande langs vegstrekninga frå botnen av Kyrkjebakken og fram til Statoil i Bøgata.
- Vilkår for gåande og syklande ved Bø Stasjon
- Strekninga Flitavegen og nedre del av Bordevegen mot jernbanebrua.
- Tilkomst for gåande og syklande frå Eventyrskogen til Venåsvegen
- Gang- og sykkelveg frå Øvreveg til Stabburåsen
- Vilkår for gåande og syklande til og frå Telemarkshallen.
- Kryssing av veg 152, Folkestadvegen.
- Vilkår for gåande og syklande langs veg 155 – Vreimsida.
- Vilkår for gåande og syklande langs veg 551 – Valenvegen.
- Vilkår for gåande og syklande ved Veirudkrysset.



5. Elevane sine kommentarar

I dette kap. vert kommentarar som er knytta til kategoriane «vil endre», «trafikk» og «misliker» presentet.

Bø stasjon

Om sommeren er det mange rånere
Gammel søppel i grøfta
Skumle rånere !!!!!!!!
Rånere med høy musikk som drikker øl
Det er mange fulle folk og rånere som roper etter deg
Om sommeren er det mange rånere
Skjønner ikke Bødialekta
Rånere

Bøsenteret (øvre parkeringsplass)

Skummelt om kvelden

Rundkjøringa

Jeg vet en rundkjøring skal ha trafikk, men det er fortsatt mye trafikk her
Jeg syns vi burde ha en statue i midten av rundkjøringa

Ungdomskulen

Det er skumle folk på skolen
Det er litt traffikk ved skolen
Det er ikke rent på skolen
Kjedelig sted
Det er masse støy på skolen
Jeg er bare ikke så veldig glad i skolen
Vil endre fotballbane
Jeg vil endre alt med denne skolen
Lærere
Dette er skolen jeg går på
Det er ikke egt en sint hund her men de har meg
Vil endre at den ikke er
Liker ikke skolen
Det er mye søppel rundt skolen
Fotballbanen er bråkete
Mye trafikk der og det er ikke fortau



Barneskulen

Førsteklassinger er skumle

Bø hotell

Kunne satt ned prisen på badingen til ca 50

Evjudalen

Det er en god del søppel i Evjudalen

Syntes de burde bli ferdig her snart det er jo masse søle og jord

Krysset ved Spar/Kyrkjevegen

Høye busker som gjør at syklister ikke ser biler som kommer. Gjelder også fotgjengere

Krysset ved Statoil/meierismuget

Mye trafikk

Torget

Dei mobba meg

Esso/gangfelt

Mange biler som ikke stopper

Motorsyklister

Stasjonsvegen

Det er mye trafikk ned hele gata

Krysset ved Ivar Gundersens veg/ Bøgata

2 raude prikkar

Området mellom Fagmøbler og Midt-Telemark Bilsenter

11 raude prikkar utan notat



Gamleveg, fram til Sjukeheimen

Det er dårlig vei
Vansklig å sykle forbi lastebilene
Vil ha mørk lys
Dårlig og ødelagt vei
7 rauda prikkar utan notat

Bø gymnas

Mer lys

Lektorvegen

Søppelkassane har alltid velta

Sandvoll

Kunne vert mulig å legge varmekabler under gresset, sånn at vi kan spille der på vinteren

Sandvin

Noen fester der folk drikker når jeg er på sandvoll, ikke særlig koselig
Fest, bråker om kvelden
Om morgen så står det altid en mann i en innkjøring som følger med og når du har syklet/gått
forbi så går han

Breisås

Skumle mennesker
Ser ikkje om det kommer sykler imot
Skummel
Den har bjeffet på meg og vært løs
Dårlig sikt til bilene
Bjeffer hele tida
Det er ingen gatelykter
Vov vov
Kutter masse skog
Her pleier det å vere folk som kler seg ut og skremmar dei som går :0
Skumle folk
Det er litt farlig fordi du vet ikke når en bil kommer og hvis den kommer kjører den veldig fort
Mørkt her, ønsker lyktestolper



Skummel parkering. Barn leiker
Vil ha gangfelt.
Ubehagelig kryss
Hunder bjeffer veldig mykje av og til
Ser ikkje om det kommer biler

Folkestad

Skummelt
Skummel vei overgang
Mange biler som kjører fort når jeg skal over
Her sykler jeg til hallen
Farlig vei, holdt på å bli påkjørt
Biler kjører fort, ikke gangfelt
Skummelt/Ekkelt lager
Eldgammelt skummelt hus av tre
En gammel brønn
Om vinteren er det en skarp snøkant ved innkjørselen til Kåsabakken, og pappa ødelegger nesten bilen, det gjør andre også når de kjører der!
Gatelys
Lite lys
Skumle rånere
Skate og BMX park
Få ny og bedre flytebrygge
Her kjører det mange lastebiler pga sandtaket i nærheten

Folkestad skule/Gangvegen over elva


Masse trafikk
Lyst på flere aktiviteter STATIV
Ingen gatelys

Oterholt

Kom ån, ikke gjør noe med fossen, la den vere!
Masse trafikk
En mann som tar vare på alt

Liheia

Biler køyrer fort
Skummel mann
Høg fart
Sure folk
Ønsker lekeplass i Liheia



Det er veldig mørkt der om kvelden

Det er gammelt og en gammel mann bor der og han er der omtrent aldri

Vreimsida

SKAFF GANGFELT STRAKS = NÅ!

Her kan det vere veldig mørkt, det er det veldig ofte

Det er masse søppel her, da mamma og eg sykla, da fant vi 41 røykpakker

SKAFF GANGFELT HER NÅ-Det er kjempemange elever som bor her!

Her er det mange som kjører i 100 kilometer i timen

Dårlig vei

Høy fart

Her er det en veldig sint hund som er løs

SKAFF GANGFELT

Her bor det mange små barn og når eg gjekk frå skolen så blei eg nesten kjørt på av ein bil som kjørte veldig fort, og det bor mange og de små barna kan gå til skolen som er i nærheten pga det hjelper ikke å sette ned fartsgrensen for de kjører kjapt uann

Det er ikkje så masse støy her men det kan vere litt i blant men

SKAFF GANGFELT

SKAFF GANGFELT

SKAFF GANGFELT

Ikke noe fortau

Her er det skumle folk

SKAFF GANGELET OVER HELE VREIMSIDAVEGEN

En mann som er redd for ball

Skummel hund

Skummel mann

Valenvegen/Grivimoen

Litt skummelt å krysse veien når det er veldig mye trafikk

Det er av og til noen som kjører ut uten å vente

Høy fart

Eg rir mye hest rundt dette området og hver eneste gang eg rir, så er det noen som driver å tuller å kjører fort med bil .. er ikke så gøy når hesten blir redd..!

Masse trafikk

Det er ikke noe gang vei (det er ikke noe gang vei på hele veien der jeg sykler)

Veien er ganske ødelagt og humpete

Rotebergmoen

Rotete neida

Gåravegen



Masse lastebiler

Det er få barn som bor her å det er veldig kjedelig. Da få jeg ingen å leke med, ingen ting å gjøre
Vi kjente hun som bodde her, de/den nye har vi ikke fått møtt ennå

Rallevegen

Det kjører mye lastebiler

Det kjører mye lastebiler

Mye lastebil kjøring

HENGEBRUA

Det er folk som forsøpler om sommerene

Øvrebø (utleigebrakkene Glenna)

Narkomaner

Veirudkrysset/Stadskleivegen

Må ha fartsdump folk kræsjer fordi de kjører så fort

Folk kjører altfor fort

Fartshump

Her er det en sint hund